



Org. nr. 982 063 698  
 Schweigaardsgt. 34  
 0191 Oslo  
 Tlf. 97 53 80 44 Faks: 23 15 93 51  
 E-post: [morten@grontprodusentene.no](mailto:morten@grontprodusentene.no)

GPS Avsetningstiltak: Bjørn Eidhammer  
 Postboks 227, 4066 Stavanger  
 E-post: [bjorne@grontprodusentene.no](mailto:bjorne@grontprodusentene.no)  
 Tlf. 913 67981,

## **FRUKTLAGERINSPEKTØREN – Fruktoppgåve for 2017.**

### **Eit middel fruktår.**

Året 2017 vil av mange bli hugsa som det året det var så vått. I tillegg var det - som i fleire av dei siste åra - eit svært skiftande ver og ikkje noko ideelt for fruktdyrking. Avlingane var svært ujamne både lokalt og regionalt. Avlings messig samla sett for landet, vart det eit middels fruktår – men det vart sett ny plommerekord i nyare tid. Pga av mykje kaldt og grått ver frå bløming og utetter forsommaren på Vestlandet, starta haustinga seinare enn normalt her. På Austlandet var det varmare ver om sommaren og haustitida var her meir normal.

Også i våre naboland og Europa elles var det redusert frukt avling, og i fleire land vart epleavlingane halvert i høve til det normale.

**Tabellen viser samla fruktavling for 2017 i tonn samanlikna med gjennomsnittsavlinga frå 2010 til 2016 – avling i tonn):**

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	Gj. snitt	2017
<b>Eple*</b>	7585	5 254	5 910	6 754	7 740	5 205	7 632	6 583	6 877
<b>Pære</b>	220	191	170	120	250	109	147	172	159
<b>Plomme</b>	1039	922	818	1 290	1 143	1 174	1 165	1 079	1 709
<b>Moreller</b>	329	359	405	488	583	384	491	434	447
<b>Sum</b>	<b>9 173</b>	<b>6 726</b>	<b>7 303</b>	<b>8 652</b>	<b>9 716</b>	<b>6 872</b>	<b>9 435</b>	8 268	<b>9 192</b>

\* Inkludert klasse 1 til fabrikk.

### **Moreller**

**Morellavling i 2017 samanlikna med åra 2010 – 2016(tonn):**

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Moreller Norge	295	354	405	488	583	384	491	447
Moreller eksport	34	5	0					
Sum moreller	329	359	405	488	583	384	491	447

Geografisk fordeling av morellproduksjonen dei siste åra, avling i tonn.

	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Hardanger	139	133	151	229	58	132	104
Telemark/Svelvik/Lier	122	90	123	190	168	121	162
Lærdal	92	178	208	158	156	232	175
Andre	6	4	6	6	2	5	6
<b>Sum</b>	<b>359</b>	<b>405</b>	<b>488</b>	<b>583</b>	<b>384</b>	<b>491</b>	<b>447</b>

Lærdal er det enkeltområde som dei siste åra har levert størst kvantum og ser ut til å ha blitt det dominerande område for morelldyrking her i landet.

## Plommer.

Plommeavlinga er den høgaste som er registrert i nyare tid. Det var spesielt den storfrukta sorten Reeves som gav høgare avling enn tidlegare år. Som i fleire av dei siste åra var det eit skiftande klima under bløming og elles i sesongen som medførte varierende avling. Det viser at arealet av plommer kan gi ei høgare avling dersom veret blir gunstig. Ei viktig utfordring for produksjonen er å sjå når ein vil få avlingstoppar og å ha planar for å ta vare på plommene i slike periodar.

### Plomme avling 2017 samanlikna med tidlegare år – avling i tonn:

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	Middel	2017
Edda	79	49	32	37	19	9	27	36	28
Opal	227	181	211	221	219	323	216	228	321
Mallard	210	228	155	254	173	136	224	197	264
Reeves	115	59	148	144	265	218	136	155	457
Avalon	37	61	27	136	43	36	81	60	63
Exalibur	62	117	29	51	98	27	47	62	46
Victoria	152	43	78	116	71	120	73	93	72
Jubileum	154	162	75	213	133	139	222	157	242
Valor					28	49	51	18	87
Uspesifisert	5	23	64	118	94	118	89	73	129
<b>SUM PLOMMER</b>	<b>1 039</b>	<b>922</b>	<b>818</b>	<b>1 290</b>	<b>1 143</b>	<b>1 174</b>	<b>1 165</b>	<b>1 079</b>	<b>1 709</b>

## Pære

Avlinga vart 159 tonn som er på nivå med fjoråret. Celina gav dette året 14 tonn. Totalt er det nå planta og planlagt til saman opp mot 300 dekar med Celina.

	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Clara Frijs	32	41	30	26	39	35	54	45	52	30
Moltke	79	66	51	40	21	16	23	7	13	2
Philip	67	61	53	34	13	6	13	3	10	4
Ingeborg	34	68	65	83	86	60	144	37	65	102
Herzogin Elsa	10	19	5	6	7	3	13	8	5	6
Celina									1	14
Andre sortar	8	10	2	1	5		3	0	2	2
<b>Sum til konsum</b>	<b>235</b>	<b>266</b>	<b>206</b>	<b>191</b>	<b>170</b>	<b>120</b>	<b>250</b>	<b>109</b>	<b>147</b>	<b>159</b>

## Eple

Det er levert 6 821 tonn eple til konsum som er 800 tonn mindre enn i fjor, og nærmare 500 tonn høgare enn gjennomsnittet for dei siste åra..

På Austlandet var det pga kaldt ver under bløminga mykje eple med skalfeil og miss form. Meir eple enn normalt heldt difor ikkje vanleg krav til standard for konsum. På Vestlandet var det mindre av froststriper, men generelt var utviklinga sein, og fleire eple enn normalt var dårleg utvikla. Andelen små eple og utsortering var difor større enn normalt.

Det vart levert 55 tonn eple klasse 1 til industri i 2017

### Eplekvantum pr. sort til konsum i 2017 samanlikna med tidlegare år(tonn).

	2011	2012	2013	2014	2015	2016	Gj. Snitt	2017
Geneva Early	38	42	90	88	24	43	54	26
Vista Bella	103	127	97	124	79	104	106	88
Julyred	277	202	312	312	156	198	243	166
Caroll	80	67	70	54	40	47	60	44
Andre tidl.sortar	45	31	39	33	12	20	30	15
R.Prins/Kronprins	173	162	128	160	100	115	140	109
Discovery	449	756	701	1 196	640	995	790	1 210
Katja	38	21	43	52	27	43	37	46
Sunrise	13	40	44	87	71	106	60	98
Summerred	1 019	1 411	1 213	1 556	1055	1 352	1 268	1 352
Gravenstein	4	0	7	2	108	3	21	2
Gravenstein,Raud	677	548	790	676	377	534	600	654
Åkerø	169	217	172	194	149	213	186	131
Delcorf	20	38	20	12	15	10	19	18
Aroma	1 020	920	1 246	1 061	857	1 093	1 033	600
Aroma, Raud	921	977	1 431	1 570	1165	2 223	1 381	1 735
Lobo	89	65	75	72	40	53	66	40
I.Marie/K.Schneider	54	89	35	120	47	94	73	29
Elstar	18	41	23	85	19	70	43	32
Rubinstep			10	84	134	280	85	380
Andre sortar	48	127	50	42	38	20	54	43
<b>SUM EPLE, konsum</b>	<b>5 254</b>	<b>5 881</b>	<b>6 596</b>	<b>7 580</b>	<b>5 153</b>	<b>7 616</b>	<b>6 347</b>	<b>6 821</b>
<b>Kl 1, til fabrikk</b>	<b>0</b>	<b>29</b>	<b>158</b>	<b>160</b>	<b>52</b>	<b>16</b>	<b>69</b>	<b>55</b>
<b>Sum eple kl 1.</b>	<b>5 254</b>	<b>5 910</b>	<b>6 754</b>	<b>7 740</b>	<b>5 205</b>	<b>7 632</b>	<b>6 416</b>	<b>6 877</b>

**Økofrukt 2017:**

Oversikt over kvantum økofrukt frå pakkeri og omsetningsledd, kvantum i tonn:										
	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Plomme	7	5	13	15	11	12	31	18	31	44
Eple	21	23	43	44	67	108	118	60	95	85

Kvantum økofrukt pr. sort 2017(tonn):

Økolommer - kvantum pr sort:	
Sort	Kvantum
Opal	17
Mallard	6
Reeves	12
Excalibur	2
Victoria	2
Jubileum	4
Valor	1
<b>Sum plommer</b>	<b>44</b>

Økoeple - kvantum pr sort:	
Sort	Kvantum
Discovery	23
Katja	8
Aroma	8
R. Aroma	28
Rubinstep	6
Uspesifisert	13
<b>Sum</b>	<b>86</b>

*Stavanger 11.01.2018*

*Bjørn Eidhammer*